
Fra: HELGE VATSHELLE <hevat@online.no>
Sendt: tirsdag 27. august 2019 11:54
Til: Postmottak Lindås
Emne: Merknad til arealplanen, saksnummer 17/3013

Vårt innspel til massedeponi ved Bjørndalsvatnet går tilbake til kommunedelplan E 39 hausten 2016 og er bekrefta å vera behandla av Statens vegvesen.

Eg vil koma med nokre kommentarar angåande konsekvensutgreinga for prosjektet

- Våtmarka er etter vår mening ikkje myr, men eit elvedelta med stort innhald av sand og morene.

- Når det gjeld fugleliv, så kan det virka som det er meir aktivitet lenger nord i Bjørndalsvatnet og Esevatnet.

- Det blir peika på at det er vågsvatn, og at tiltaket vil kunna gje endringar på landskapet. Endringane vil kunna vera positive dersom prosjektet vert utført på ein god måte. F.eks. med ei randsone mot vatnet med beplanting, og gjerne ein tursti langs vatnet. I dag er det farleg å ferdast på området både for folk og dyr.

- Eg kan ikkje sjå at tiltaket vil få negativ konsekvens for badeplass. Ei steinfylling vil vera eit bra filter mot vatnet og badeplassen på Bjørndal og Vassel.

-Når det gjeld veggtilkomst, kjem det an på kvar tunnellinnslaget kjem. Ved omlegging av Fv. 395 vil det dessutan verta ein avstan på ca. 200 m til deponiet.

- Det vert referert til strategi 64, som handlar om energieffektivisering av kommunale bygg og anlegg. Kan ikkje sjå at det er relevant i denne samanhengen.

Eg håpar at de kan ta innspelet inn att i kommuneplanen som eit eventuelt framtidig prosjekt. Eg meiner det må kunna gå an å få til ei løysing som ivaretar dei problema som er påpeika på ein god måte.

Mvh. for Gnr 243 bnr 1

Helge Vatshelle